

# Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 21. august 2012

**Tilstade:** Regionordførar Torstein Tveito, Hilde Alice Vågslid, Halvor Homme, Solveig S. Abrahamsen, Arne Vinje, Erik Skjervagen, Sverre Sæter, Torunn Raftvoll Rue, Per Dehli, Therese Hauger, Hans Kristian Lehmann, Ketil Kiland, Kjell Gunnar Heggenes og Ole Dalen

**Andre til stades:** Haldor Kaasin, Børge Skårdal, Lill Susan R. Vale og Stein Olav Lie (VTB)

**Møteinnkallinga dagsett 14. august 2012 og saksliste vart godkjent utan merknader.**

## **Sak 40/2012 Referat frå rådsmøte 22. mai 2012**

Vedtak: *Referat frå rådsmøte 22. mai vart samrøystes godkjent.*

## **Sak 41/2012 Breibandutbygginga i Vest-Telemark.**

Børge Skårdal frå Vest-Telemark Næringsutvikling var til stades og orienterte nærare om utbygginga av breiband i regionen. Skårdal tok for seg bakgrunn og historikk for utbygginga, rapporterte om dagens status og orienterte om vidare utbyggingsplaner.

Merk at definisjon på breiband *ikkje* er einsbetydande med "fiber-teknologi", men er definert som "rask elektronisk kommunikasjon", dvs. raskare enn ISDN.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og ber sekretæriet om å få ei oversikt over breibandsutbygginga, stuktura og aktørane, kven som vil kunne få breiband med støtte av offentlige midlar, og kven ein kan kontakte.*

## **Sak 42/2012 Felles IKT-strategi for Vest-Telemark**

Det ligg no føre forslag til felles IKT-strategi for Vest-Telemarkkommunane med "ein IKT region". Strategien er utarbeidd av ei arbeidsgruppe med deltaking frå alle kommunane og med Habberstad AS som rådgjevande instans. Rådmannsutvalets har gjeve si tilråding i saka om å godkjenne IKT-strategi for Vest-Telemark, etablere konfigurasjonsstyre og opprette felles IKT-funksjon i Rådet.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet godkjenner felles IKT- strategi for Vest-Telemark slik den er lagt fram for Rådet, og oppmodar kommunane om å fatte tilsvarende vedtak.*

*Vest-Telemarkrådet ber rådmannsutvalet om å legge fram sak for kommunane med tanke på å etablere eit felles konfigurasjonsstyre (rådmannsutvalet) for IKT slik det er gjort greie for i IKT-strategien.*

*Vest-Telemarkrådet vedtek og å opprette ein felles IKT-funksjon i Rådet som skal ivareta koordinering av felles IKT-aktivitetar og fungere som sekretariat for konfigurasjonsstyret.*

### **Sak 43/2012 Elektroniske møterom**

Mandatet for ”innføring av elektroniske møterom” skal avdekke reelle behov i alle seks kommunane og fastsette prosjektgruppe og ressursbehov for innføring av tiltaket. Rapport med forslag til forprosjekt skal ligge føre på neste Rådsmøte 16.10.2012.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner mandatet til forstudie for innføring av ”elektroniske møterom. Tillegg i mandatet: -elektronisk klasserom (videre og etterutdanning).

### **Sak 44/2012 Høyring, ”Bærekraftige Telemark” – forslag til regional planstrategi 2012 – 2016.**

Det låg føre høyringsbrev frå Telemark Fylkeskommune datert 18. juni 2012 der mellom andre Vest-Telemarkrådet er invitert til å uttale seg om ”Bærekraftige Telemark” – forslag til regional planstrategi 2012-2016.

Vedtak: Regionrådsleiaren saman med arbeidsutvalet og Arne Vinje får i oppdrag å utforme forslag til uttale i saka med følgjande punkt:

Folketalsutvikling og arbeidsplassar  
Vestlandsbanen over Haukelifjell  
Viktige stamveggar som E134, Rv36 og Rv41  
Breibandutbygging/mobildekning  
Entreprenørskap  
Forlaget vert å sende ordførarane for godkjenning.

### **Sak 45/2012 Vandreregionen**

Ein har no eit naturleg beslutningspunkt i prosjektframdrifta for det pågåande prosjektet ”Vandreregionen” som er forankra i Strategisk Næringsplan. Som prosjekteigar handsamar Vest-Telemarkrådet viktige beslutningspunkt i prosjektgjennomføringa i tråd med PLP prosessen.

Telemark Fylkeskommune kan ikkje ”realitetshandsame” søknaden om finansiering før organiseringa (sjå sak 46 a) er avklara. Prosjektet ”Vandreregionen” ynskjer å videreføre arbeidet i prosjektet til tross for at prosjektet ikkje er fullfinansiert. Beslutningspunktet går på om prosjekteigerane (Vest-Telemarkrådet) vil stoppe/fryse prosjektet, eller oppretthalde framdrifta.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtek å oppretthalde framdrifta i prosjektet ”Vandreregionen”. Finansiering av videreføringa vert gjennom unytta løyvingar i Strategisk Næringsplan i Vest-Telemark. Sekretariatet i Vest-Telemarkrådet skriv ein sak om utbetaling av prosjektbidrag for 2012 som sendast til alle kommunane om prosjektet treng ytterligare finansiering i venteperioden.

### **Sak 46/2012 Orienteringssaker**

a) Høyring, organisering og rollefordeling i reiselivet i Telemark

Lill Susan R. Vale frå Vest-Telemark Næringsutvikling informerte om organisering av reiselivet i Telemark, som ”vikar” for Telemark Fylkeskommune.

”Destinasjon Norge” er regjeringens forslag om å organisere reiselivete i form av ”landsdelsselskap”, for å begrense antall destinasjonsselskap. Prosessen som pågår i Telemark nå er valet om Telemark bør delast i to nationale landsdelsselskap: ”Fjell-Norge og Sør-Norge”. Mona Birgitte Rasmussen og Jon Skriubakken er representanter inn i den nationale gruppa for Telemark.

Signal frå Vest-Telemarkrådet er at ein må lytte til næringa i desse prosessane.

b) Vest-Telemark Næringspark AS, orientering

Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsbygg AS orienterte om bygget og planane for den vidare satsinga.

Plass til 46 arbeidsplassar i bygget i Kviteseid. Arbeidet er planlagt ferdig våren 2013.

c) Forprosjekt mogleg friluftsråd i øvre Telemark

Saka var handsama på Rådsmøte 22. Mai, sak 35/2012, og fekk fylgjande vedtak:

”Vest-Telemarkrådet ber rådmannsutvalet vurdere saka og koma med innstilling til vedtak på rådsmøte i august.”

Vedtak: ”Ein bør kontakte Fylkeskommunen og sjå på moglehetane for ein organisasjon der regionane inngår.”

**Sak 47/2012 Ymse**

Opning av Jondalstunnelen, deltaking 7. September 2012.

-Kjell Gunnar Heggnes sender ut informasjon for dei som ynskjer å deltake frå Vest-Telemarkrådet.

Førespurnad frå Søve vgs. for støtte til søknad om "hest og hovslagar"

-Hestehald har hatt ei positiv utvikling, og etterspurnad for håndverk retta mot hest er aukande.

Søve vgs. v/Terje Kristoffersen (rektor) har søkt om å få ei landsline, og ber om politisk stønad frå Vest-Telemarkrådet. Arne Vinje skriv ein tekst som ordførerane kan slutte seg til.

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet stør opp om førespurnaden frå Søve vgs.

Referent: Ole Dalen